



Arkivnr: 2015/7064-4
Saksbehandlar: Marit Rødseth, Eva Katrine Ritland Taule

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.11.2015

Regional planstrategi 2016-2020 - oppstart

Samandrag

Regional planstrategi er ein viktig reiskap for å fremje heilskapleg samfunnsutvikling i fylket. Strategien skal utarbeidast for kvar fylkestingsperiode og vedtakast av fylkestinget seinast eitt år etter konstituering. Strategiarbeidet skal peika ut dei viktigaste utfordringane i fylket, setja langsiktige mål for utviklinga og prioritera regionalt planarbeid som skal bidra til å nå måla.

Strategien skal utviklast i nært samspel med Hordalandssamfunnet; kommunar, statlege regionale organ og viktige organisasjonar. I denne saka oppsummerast resultatet av arbeidet med gjeldande regional planstrategi. Nasjonale statlege forventningar til planarbeidet blir kort referert. Rapport om folkehelsegrunnlaget blir summarisk omtalt. I tillegg vert dei viktigaste utfordringane som er peika på i eit førebuande arbeid for regional planstrategi gjennomgått. Desse innspela vil bli drøfta i den vidare prosess med sikte på prioritering av utfordringar som strategien skal framheva og vidareføra i planarbeid.

I denne saka blir det foreslått ei enkel organisering med fylkesutvalet som styringsgruppe og ei samrådsgruppe som består av representantar for kommunane, fylkesmannen i Hordaland og fylkesutvalet og sektorutvala. Andre statlege organ kan trekkjast inn i samrådsgruppa etter behov. Det blir lagt opp til fleire medverknadsarrangement og møteplassar med ulike grupper. Det er mellom anna lagt opp til ei samling for alle kommunane, statleg organ og viktige organisasjonar i løpet av mars.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet startar opp arbeidet med Regional planstrategi for 2016-2020 med fylkesutvalet som styringsgruppe.
2. Fylkesutvalet etablerer ei samrådsgruppe for planarbeidet samansett slik:
Fylkesordførar, opposisjonsleiar og utvalsleiarane
Fylkesmannen i Hordaland
Bergen kommune, Byrådsleiar
Representant for kvart av regionråda i Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland og Region Vest

Samrådsgruppa kan supplerast med representantar for regionale statlege organ etter behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.10.2015

1. Bakgrunn

Regional planstrategi er ein viktig reiskap for regionalt politisk leiarskap i fylket. Hordaland fylkeskommune vil gjennom regional planstrategi ta ei leiroll for å setja felles mål for utviklinga i fylket. Strategien skal fremja heilskapleg planlegging og samordning av sektorar og forvaltningsnivå. Dette kan sikra større grad av mål- og resultatoppnåing tilpassa dei særlege utfordringane i Hordaland. Strategien set dagsorden og påverkar prioriteringar dei neste fire åra i fylket.

Føremålet med strategien er å fremje berekraftig utvikling i Hordaland til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Planstrategien skal innehalde langsiktige utviklingsmål for Hordaland fylke og kva for regionale planar som skal utarbeidast for å nå måla. Planstrategien er eit overordna dokument som skal leggjast til grunn for fylkeskommunal verksemd og anna offentleg planlegging og forvaltning i fylket. Internt strategiarbeid i fylkeskommunen vil i stor grad vera påverka av dette.

Utarbeiding av ein fireårig regional planstrategi er formelt ei oppgåve forankra i § 7-1 i Plan- og bygningslova. Regional planstrategi skal vedtakast av nytt fylkesting seinast eitt år etter konstituering. Planstrategien skal følgje opp Nasjonale forventningar slik dei går fram av kongeleg resolusjon.

Strategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar og vurdere langsiktige utviklingsmogelegheiter. Trong for interkommunale planarbeid må vurderast i samanheng med anna regionalt planarbeid.

Strategien skal vurdere revisjonsbehov for eksisterande regionale planar og handlingsprogram, eventuelt om nokre planar skal utfasast. Strategien skal innehalde eit oversyn over korleis forslag til planoppgåver skal fylgjast opp og opplegg for medverknad. Det vil bli lagt vekt på å etablere eit effektivt system for iverksetjing og oppfølging av planstrategien og anna regional planlegging. Korleis framtidige planar skal utviklast i høve til politiske organ og i høve til kommunane vil vera tema i strategien, likeeins korleis planstrategien påverkar anna sektor - og verksemdplanlegging i fylkeskommunen.

Regional planstrategi skal utarbeidast i ein inkluderande prosess der Hordalandssamfunnet deltek aktivt på ulike samrådsarenaer. Denne saka omhandlar korleis fylkeskommunen skal arbeida med utforming av planstrategi for 2016-2020.

2. Gjeldande planstrategi og erfaringar med regional planlegging

I planstrategi for Hordaland 2012-2016 vart følgjande utfordringar adressert som dei viktigaste for fylket i komande periode:

- skape vekst
- handtere veksten
- klima-utfordringa
- tilgang på kompetanse og arbeidskraft samt
- kystsona og marine næringar

Det vart vedtatt å starta opp 6 regionale planarbeid som svar på desse utfordringane. Her er status for planarbeida:

Planarbeid vedtatt i Planstrategi 2012-2016	Status
1. Kompetanse og arbeidskraft	Planprogram vedtatt av Fylkesutvalet i oktober 2015.
2. Landskap, grønstruktur og viktige friluftsområde i Hordaland	Ikkje starta opp.
3. Regional plan for ferjefri E39 Aksdal - Bergen	E39 vert handtert som statleg plan.
4. Utviklingsplan for indre Hordaland	Utfordringsnotat utarbeidd sommaren 2015.
5. Klimaplan for Hordaland – rullering	Vedtatt i Fylkestinget juni 2014.
6. Plan for kystsona	Ikkje starta opp.

Plan om landskap, grønstruktur og friluftsområde er ikkje starta opp av kapasitetsomsyn. Utfordringsnotatet for indre Hordaland vil gje eit betre grunnlag for å vurdere behov, retning og nivå for utviklingsplan for indre Hordaland. Plan for kystsona var lagt opp til igangsetjing etter prosessen med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det er lagt opp til vedtak av denne til våren 2016. Det er naturleg at desse planarbeida vert vurdert i samband med ny planstrategi.

Regional planstrategi 2012-2016 vart godkjent gjennom brev av 22.04.2014 frå statsråd Jan Tore Sanner i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet hadde følgjande hovudsynspunkt på strategien:

- Behov for at det i arbeidet med by- og tettstadutvikling blir planlagt tilstrekkeleg bustadbygging. Det gjeld særleg i og i nærleiken av kollektivknutepunkt.
- Det er viktig med god samordning mellom fylket sitt arbeid med hamneplan for regionen og Jernbaneverket sitt arbeid med konseptvalutgreiing (KVU) for nytt logistikkknutepunkt i Bergensområdet.
- Fylkeskommunen bør vurdere behovet for at kompetanseplanen og omfattar samarbeid om initiativ for etter- og vidareutdanning og fleksible utdanningstilbod.

Det vart også laga og vedtatt ein planstrategi for Hordaland for perioden 2010-2012. Her vart det lagt opp til igangsetjing av 8 planarbeid. Dette er status for desse planarbeida:

Planarbeid vedtatt i Planstrategi 2010-2012	Status
1. Regional plan for folkehelsearbeid	Vedtatt mars 2014.
2. Forvaltningsplan for vassregion Hordaland 2016-2021	Skal vedtakast i Fylkestinget i desember 2015.
3. Regional plan for senterstruktur og lokalisering av service og handel	Vedtatt desember 2014.
4. Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensregionen	Høyring fram til 1. oktober 2015.
5. Regional plan for Sunnhordland – sjø, strandsoneareal og transport	Høyring fram til 1. oktober 2015.
6. Regional transportplan for Hordaland	Vedtatt desember 2012. Planprogram for ny rullering, planperiode 2018-2029, har vore på høyring til medio oktober 2015.
7. Regional kulturplan	Vedtatt desember 2014.
8. Regional næringsplan	Vedtatt juni 2013.

I tillegg har vi fleire regionale planar som vart igangsett eller vedtatt før 2010. Det er gjort ein gjennomgang av desse om revisjon, vidareføring eller utfasing. Fullstendig rapport om dette vert lagt fram seinare.

Til saman er det 19 regional planar i Hordaland fylkeskommune. Det er eit høgt tal på regionale planar. Utarbeiding av nye krev kapasitet og økonomiske ressursar både i fylkeskommunen, hos regionale etatar og kommunane. Dette må vurderast i samband med igangsetjing av nye planarbeid. Det er også naturleg å lage ein nærmare tidsplan for perioden der prosess for utarbeiding og høyring av nye planar går fram.

3. Nasjonale forventingar til planstrategien

Regjeringa skal kvart fjerde år utarbeida eit dokument med nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Forventningane skal fylgjast opp i planlegginga og leggjast til grunn for statleg deltaking. Forventningane skal liggja føre før kommune og fylkestingsval og er særleg viktige for arbeidet med planstrategiane. Forventningane frå den sitjande regjeringa kom i kongeleg resolusjon av 12.juni 2015.

Forventningane inneheld tre hovudsatsingar:

1. Gode og effektive planprosessar

Regjeringa forventar at planforslag og vedtak skal baserast på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag og ivareta nasjonale og viktige regionale interesser. Tidleg medverknad og involvering av ålmenta, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar må sikrast. Det vert vidare lagt vekt på at regionalt planforum vert styrka som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikter i plansaker. Motsegn bør berre fremjast når dialog ikkje har ført fram og det er naudsynt å sikra viktige nasjonale og regionale interesser. Det er forventa at det vert lagt til rette for enkel tilgang til digitalt planregister og bruk av verktøy for digital planlegging.

2. Berekraftig areal- og samfunnsplanlegging

Regjeringa forventar at reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og – effektivisering må vektleggjast gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester. Klimaendringar, risiko og sårbarheit må takast omsyn til gjennom samfunns- og arealplanlegging. Viktige verdiar som naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø må identifiserast og ivaretakast i regionale planar.

Det forventast vidare at det vert lagt til rette for betre tilgang til kompetent og relevant arbeidskraft som møter det regionale arbeidsmarknaden sitt behov. Samarbeid om dette og planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon bør skje i partnerskap med næringslivsaktørane, regionale og lokale aktørar. Jordbruksjord må sikrast og det må leggjast til rette for nye og grønne næringar. Å sørge for tilstrekkeleg areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga vert påpekt, i tillegg til at det må sikrast tilgjenge til gode mineralførekomstar for mogleg utvinning, avvega mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Det er forventa at fylkeskommunen tar omsyn til arealbehovet for Forsvaret.

3. Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

Regjeringa forventar at fylkeskommunen fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, også knutepunkt for kollektivtrafikken. Det må leggjast til rette for variert og tilstrekkeleg bustadbygging og sikrast høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, med tilrettelegging for sykkel og gange. Det er forventa at fylkeskommunen deltek i konseptval-utgreiingar og statlege planar for store samferdselstiltak. Fylkeskommunen har i samarbeid med statlege fagstyresmaktar ansvar for at godsterminalar og hamner blir prioritert i planlegginga. Vidare vert det lagt til grunn at transportvekst skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange og at planlegginga føl aktivt opp bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar med staten.

Gjennom planlegging kan fylkeskommunen leggje til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde, og også for meir fysisk aktivitet og eit meir helsefremjande miljø. Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn i planlegging av omgjevnader og bygningar.

For arbeidet med regional planstrategi er det særleg punkt 2 og 3 som er relevant.

Nasjonale forventingar relatert til Hordaland

Fylkesmannen har på oppmoding frå fylkeskommunen vurdert kva som er viktige utfordringar i Hordaland sett frå statleg regionalt nivå i brev av 3.september 2015 . Regjeringa framhevar fylkeskommunens rolle både som utviklingsaktør og planmynde. Fylkesmannen meiner difor fylkeskommunen bør utarbeide forpliktande og bindande planar så langt det let seg gjera.

Fylkesmannen peikar på klimaendringane, risiko og sårbarheit som særleg sentrale utfordringar. Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet er eit viktig planarbeid. Fylkesmannen foreslår at eit tilsvarande planarbeid gjennomførast for heile fylket. Fylkesmannen er nøgd med at fylkeskommunane har utarbeidd regional plan for attraktive senter og peikar på bustadbygging som eit nav i gjennomføringa.

Fylkesmannen understrekar behovet for ein heilskapleg kystsoneplan for akvakultur i eit regionalt perspektiv for å sikre nok areal til akvakultur og fiskerinæringa. Lakselus og rømt fisk gir store utfordringar som ikkje er løyste. Ein regional plan etter modell av regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er derfor naturleg for heile fylket.

Fjellområda er etter fylkesmannens oppfatning, under press særleg i kommunane Kvam, Eidfjord og Voss. Fylkesmannen foreslår ein regional plan for fritidshus som ser høg fjellsområda i samanheng med villrein, vassdrag og anna naturverdiar er ynskjeleg.

Utfordringane med overskotsmassar frå veganlegg er vesentlege. Fylkesmannen ser eit stort behov for regional plan for massedeponi i tida framover.

I prosessen vidare vil både regjeringa sine forventingar og fylkesmannens innspel til strategiarbeidet bli lagt vekt på og vurdert i samanheng med andre analysar og innspel i prosessen.

4. Folkehelsegrunnlag

Etter plan- og bygningslova skal planlegging fremje folkehelse og motverke sosiale helseforskjellar. Folkehelselova og *Forskrift om oversikt over Folkehelsen* set krav om utarbeiding av eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal liggje til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet og arbeid med planstrategi.

Arbeidet med eit samla oversiktsdokument for Hordaland er gjennomført og ei rekkje interne og eksterne fagpersonar er trekt inn i arbeidet. Innhaldet i oversikten er styrt av forskrifta. Det vil leggjast fram ein omfattande sluttrapport for fylkestinget, venteleg i mars. Eit grovt anslag anslår kostnadane med redusert folkehelse i fylket til 70 milliardar i velferdstap, 15 milliardar i produksjonstap og 23 milliardar i behandlingkostnader. Følgjande tema er omhandla i oversikten:

- Befolkingssamansetnad
- Oppvekst og levekårsforhold
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skader og ulukker
- Helserelatert åtfærd
- Helsetilstand

I tillegg er Hordaland fylkeskommune sin Risikoindeks for folkehelse tatt med i oversiktsdokumentet. Denne viser med stor tydelegheit kva for forhold som har innverknad på helse, her målt etter uføretrygd på kommunenivå. Forhold som utdanningsnivå, alderssamansetnad, del eineforsørgjarar, del med låg inntekt og arbeidsplassdekning er dei sterkaste bakgrunnsvariablane på forhold som kan føre til uføretrygd. På dei fleste områda skil ikkje Hordaland fylke seg nemneverdig ut frå landet elles. I Hordaland er det grunn for å sjå nærmare på følgjande trekk ved utviklinga:

Kvalitet i bustadområda som fylgje av sentralisering

Ein generell befolkningsvekst sett saman med sentraliseringa i dei kystnære områda i fylket krev areal til både infrastruktur og bustadbygging. Dette kan legge press på andre kvalitetar som rekreasjonsareal og stille soner. Denne delen av fylket har ein utfordring i å balansere omsyn til helse og gode levevilkår både når det gjeld å ta i vare helsefremmande kvalitetar som t.d. lys, grønstrukturar og variert bustadmasse ved eksisterande område og ved utbygging.

Aukande arbeidsløyse

Utfordringar knytt til sentralisering og omstilling i arbeidslivet er noko heile landet må forhold seg til, men som får særskilte utslag i Hordaland utifrå rammevilkåra. Ei rask omstilling i eit sterkt sentralisert fylke, kan gi risiko for framtidig auka sosial ulikskap i helse.

Meistring og trivsel i skule og barnehage

Det å sikre ein skule der elevane trivst og meistrar skulen, er viktige tiltak for å sikre ei framtidig frisk og robust befolkning. I Hordaland har vi skilt oss negativt ut over tid samanlikna med landssnittet på desse forholda. Å sikre barnehagar av høg kvalitet og gode skuleresultat i skulen kan hjelpe elevar til å fullføre utdanningsløpet. Dette vil vere eitt av dei viktigaste områda vi kan bidra til framtidig god folkehelse.

Fråfall i vidaregåande skule

Likt med resten av landet, har vi ei utfordring knytt til fråfall i vidaregåande skule i Hordaland. Mange av dei som ikkje fullfører det vidaregåande løpet hos oss går på yrkesfagleg linje. Ei viktig årsak er at dei ikkje får lærlingplassar. Det er behov for eit betre samspel mellom utdanningssystemet og næringslivet med behov for rask omstilling, slik at yrkesfagselevar får større tryggleik og moglegheiter til å fullføre utdanningsløpet.

5. Utfordringar

Regional planstrategi skal byggje på ein omtale av viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar for fylket og vurdere langsiktige utviklingsmogelegheiter. Fylkesrådmannen har starta arbeidet med denne delen av strategien gjennom faglege analysar. Det er gjennomført ein SWOT-analyse (sterke og svake sider ved fylket, muligheiter og truslar) om berekraftig utvikling. Fylkesrådmannen inviterte i tillegg ei rekkje eksterne fagpersonar til eit samrådsmøte 4.september 2015. Møtet tok utgangspunkt i SWOT-analysen og peikte vidare på kva hovudutfordringar fylket står framfor.

Ei kortfatta oppsummering av utfordringar slik dei er spelt inn er tatt inn under, men desse innspela må vidare drøftast i sjølve strategiprosessen.

Relevant kompetanse

Hordalands befolkning har generelt eit høgt utdanningsnivå og det er tunge forskingsmiljø lokalisert i fylket. Nokre held høgt internasjonalt nivå og gir føremoner i kompetansesamfunnet, i særleg grad gjeld dette innan marin sektor og maritime næringar der klyngedanninga i fylket er sterk. Utfordringa er knytt til å få eit godt samsvar mellom behovet for kompetanse til ei kvar tid og utdanninga og kompetansen i befolkninga. Ei anna utfordring er potensialet i FOU-miljøa for innovasjon og kommersialisering av produkt og for å gje innspel til auka kvalitet i offentlege tenester og forvaltning. Generelt vil IKT-kompetanse vera viktig for konkurransekrafta i næringslivet og for ein effektiv offentlig sektor. Å utnytte den kompetansen som alt finst, til dømes gjeld dette innvandrarar sin kompetanse, er i utgangspunktet rasjonelt. Forståing for verknadane av globalisering og internasjonale trendar må i større grad prega allmennkunnskapen. Internasjonal kulturkompetanse vil vera naudsynt i det fleirkulturelle samfunnet.

Grønt skifte i næringslivet

Det grønne skiftet krev annan type kunnskap. For å møte klimatrusselen og sikre ein global tilfredsstillande miljøtilstand, er ein avhengig av internasjonalt samarbeid. Landegrenser avgrensar ikkje transporten av forureining og miljøkrav må vurderast i eit internasjonalt perspektiv. Barn og unges kunnskap om miljøspørsmål vil vera avgjerande for å motivera for naudsynte beslutningar og val i tida som kjem. Eit grønnare, berekraftig næringsliv vil måtte basera seg på meir fornybare ressursar, mindre miljøpåverknad og stabile stadbundne ressursar. Det vil vere nye krav, men også nye mulegheiter framover. Nyetableringstakten i fylket er for låg i dag. Miljøvenleg teknologi må i sterkare grad prega utvikling og innovasjon.

Effektiv og miljøvenleg transport og kommunikasjon

Fylket har store utfordringar innan transport, både i nærområdet til Bergen og i sambanda mellom fylka. Overgang til miljøvenlege transportformer er naudsynt mellom anna av klimaomsyn. Mulegheitene for sjøtransport er store, men utnytting krev også gode vilkår for kopling mellom sjø og land i form av hamneanlegg. Passasjertransport på sjø er arealeffektivt og miljøvenleg dersom ny utslippsfri teknologi kan nyttast. Tog kan vera eit godt alternativ, men Bergensbanen lir under låg standard. Vegtransport vil

grunna naturgitte tilhøve i Hordaland vera krevjande økonomisk og i høve til tidsbruk. Kostnader ved bygging og vedlikehald av veg er relativt høge. Rasfare er eit aukande problem til alle årstider mellom anna grunna klimaendringar. Auka bruk av IKT vil kunne redusera noko av avstandsulempene og transportbehovet. Det grønne skiftet kan ha fordelar av auka bruk av IKT-kommunikasjon. Transport og tilgjenge er også eit velferdsgode som kan gjera samfunnet tilgjengeleg for alle og motverke einsemd og isolasjon. Særleg i område med spreidd busetjing og dårleg kollektivtilbod er dette ei utfordring.

Eit inkluderande samfunn

Alt for mange unge fell ut av utdanningssystemet, noko som er ein trussel mot folkehelsa. Både unge og eldre deltek i for liten grad i arbeidslivet ut i frå helserelaterede problemstillingar. Hittil er biletet prega av mangel på arbeidskraft, men arbeidsløysa aukar no og nokre vert arbeidsløysa grunna nedbemanning og omstilling. Mange er einslege og einsemd er eit aukande helseproblem. Eldre, særleg dei med helseproblem, har i mindre tilgang til bil og dermed vanskelegare for å koma til eigna møteplassar. Det same gjeld møteplassar som er eigna for personar med nedsett funksjonsevne. Eit inkluderande samfunn i dag omfattar også det fleirkulturelle aspektet. Å motverka gettofisering og å skapa gode møtepunkt med nyttilflytta er med på å formidla verdiar som vårt samfunn byggjer på og å redusera framandfrykt.

Arealøkonomisering

Fylket har rike areal- og naturressursar. Likevel er ein stor del av arealet over tregrensa eller så bratt at det ikkje eignar seg som byggeland. Andelen med dyrka eller dyrkbar jord er forsvinnande liten og gjer fylket sårbar. Kystlinja er derimot svært langstrakt, men også for denne er ein liten del farbar eller tilgjengeleg frå land. Samstundes er det eit fylke i vekst, både i folketal og næringsliv, og ein betra privat økonomi skapar auka arealletterspørsel. Det gjeld både til næringsliv og offentleg forvaltning, så vel som til busetjing og til fritidshus. Talet på fritidshus aukar relativt mykje og potensialet er stort. Presset på fjell og strandområde er derfor merkbar i attraktive område. For å ta vare på dei viktigaste arealverdiane og oppnå eit miljøvenleg utbyggingsmønster er det avgjerande med god areal- og ressursforvaltning. Akvakulturnæringa er døme på viktighetsgraden av god sjøarealforvaltning.

Fylkesrådmannen vil ta utgangspunkt i dei utfordringane som til no er peikt ut i desse analysane, i forventingane frå staten og i folkehelsegrunnlagsrapporten og leggja fram eit førebels utfordringsomtale for samrådsgruppa. Den vidare prosessen vil avklara meir detaljert innhald i utfordringsdelen av planstrategien.

6. Organisering og medverknad

Ein hovudintensjon med Regional planstrategi er å forankra regionalt planarbeid i folkevalde regionale organ. Regional planstrategi skal vedtakast av fylkestinget. Folkevalde organ skal definera utfordringar, setja mål og gje føringar for kva planar som skal prioriterast i perioden og premisser for utvikling av desse. Samstundes er det viktig å få til god medverknad frå Hordalandssamfunnet. Kommunane er dei viktigaste samspelspartane, men også regionale statlege organ og sentrale organisasjonar.

Strategien skal utviklast over kort tid og vedtakast innan eitt år etter konstituering etter ein høringsprosess. Det betyr at det er forholdsvis kort tid til arbeidet med strategien og at organiseringa ikkje kan vera for ressurs- og tidskrevjande.

Styringsgruppe

For å forankre strategiarbeidet breitt politisk blir det foreslått at Fylkesutvalet er styringsgruppe for strategiarbeidet. Regionale planar er forankra i Fylkesutvalet og fylkesutvalet er planutval. Det blir lagt opp til at fylkesutvalet tek opp strategiarbeidet i samband med ordinære møte. Fylkesutvalet drøftar viktige vegval og alternativ undervegs og vedtek høringsforslag. Dette sikrar god forankring i politiske organ i fylkeskommunen og ein effektiv prosess.

Samrådsgruppe

Det er trong for å oppretta ei samrådsgruppe som sikrar tilstrekkeleg medverknad frå dei mest sentrale aktørane. Samrådsgruppa drøftar strategien og kjem med faglege råd om prosess og innhald. Medlemene bidrar som informasjonskanal og deltek i ulike medverknadsarrangement. Samrådsgruppa bør ha både fagleg og geografisk breidde, utan å vera for stor. Det blir foreslått slik samansetjing :

Fylkesordførar, opposisjonsleiar og tre utvalsleiarar

Kommunane ved byrådsleiar i Bergen kommune, ein politisk representant for kvart av regionråda:

Nordhordland, Hardanger, Sunnhordland og regionrådet Vest.

Fylkesmannen i Hordaland

Det bør vurderast å trekkja inn representantar for sentrale statlege organ etter behov. Aktuelle organ kan vera Høgskolen i Bergen, Hordaland politidistrikt, UDI vest, Statens Vegvesen, Husbanken. Desse supplerer viktige organ som er representert i Regionalt næringsforum

Medverknad

Regional planstrategi skal utvikast i samspel med kommunane og parallelt med at kommunane utarbeider kommunal planstrategi. Det er derfor viktig med godt samarbeid med kommunane og det er foreslått brei geografisk representasjon i samrådsgruppa. Det blir lagt opp til ei større medverknadssamling i midten av mars for utforming av mål, satsingsområde og utpeiking av planbehov. Samlinga er meint som ein møteplass mellom fylkeskommunen, kommunane, statlege organ og sentrale organisasjonar i Hordaland. I tillegg vert det ei rekkje faglege møteplassar.

Statlege organ

Statlege organ deltek i samrådsgruppe, regionalt planforum og blir invitert til større medverknadssamling. Det kan avtalast konkrete møte etter behov.

Næringsorganisasjonar

Både Regionalt næringsforum der mellom anna LO, NHO og UiB er med og Næringsalliansen som omfattar næringsorganisasjonar i heile Hordaland vil bli nytta til medverknad i strategiarbeidet og inviterast til medverknadssamling.

Ungdom

Ungdomens fylkesting blir invitert til verkstad om utforming av planstrategien og blir invitert til medverknadssamling.

Særlege grupper

Råd som skal ivareta særleg utsette grupper blir invitert til å drøfte planstrategien i sine samlingar og representantar blir invitert til medverknadssamling.

Andre medverknadstiltak:

4.september blei det gjennomført eit samråd med utvalde fagpersonar frå stat, fylkeskommune og kommunar. Dette er grunnlaget for førebels utpeiking av viktige hovudutfordringar.

I årssamling i regionalt planforum i september der ulike statlege organ er representert, blei det orientert om planarbeidet og det er drøfta viktige signal om utfordringar i lys av Nasjonale forventningar.

Konsultasjonsmøte med kommunane vil bli gjennomført etter behov.

Regional planstrategi vil ha ei eiga Internettside der relevant informasjon blir lagt ut og der det er mogeleg med innspel.

7. Framdriftsplan

Ein enkel framdriftsplan for arbeidet er vist i tabellen under.

	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Oppstartsak FUV																
Konstituering																
Kunnskapsgrunnlag utarbeidd																
Medverknad/prosess																
Utforming av forslag til FUV																
Høyring og bearbeiding																
Fylkestingsvedtak																

8. Fylkesrådmannens oppsummering

Regional planstrategi er ein viktig reiskap for å fremje heilskapleg samfunnsutvikling i fylket. Strategien skal utarbeidast for kvar fylkestingsperiode og vedtakast av fylkestinget seinast eitt år etter konstituering. Strategiarbeidet skal peika ut dei viktigaste utfordringane i fylket, setje langsiktige mål for utviklinga og prioritera regionalt planarbeid som skal bidra til å nå måla. Strategien skal utviklast i nært samspel med Hordalandssamfunnet; kommunar, statlege regionale organ og viktige organisasjonar. Eit viktig føremål med strategiarbeidet er at fylkestinget skal vera i førarsetet for å setja mål for fylket og prioritera planarbeid.

I denne saka vert resultatet av arbeidet med gjeldande regional planstrategi summert opp. Fylkeskommunen har vedtatt eit stort tal planar og det er trong for å vurdere å fasa ut nokre eldre planar. Det er avgrensa kor mange planar som til ei kvar tid kan vera i prosess av omsyn til kapasitet i fylkeskommunen og eksternt. Det er derfor grunn til å visa varsemd med omsyn til oppstart av nye planarbeid.

Nasjonale statlege forventningar til planarbeidet, rapport om folkehelsegrunnlaget og ei førebels vurdering av kva som er dei viktigaste utfordringane peikar på mange av dei same momenta. Alle innspela vil bli drøfta nærare i den vidare prosessen.

I denne saka blir det foreslått ei enkel organisering med fylkesutvalet som styringsgruppe og ei samrådsgruppe som består av representantar for kommunane, fylkesmannen i Hordaland og fylkesutvalet som planutval og utvala i fylkeskommunen. Statlege organ kan trekkjast inn i samrådsgruppa etter behov. Det blir lagt opp til fleire medverknadsarrangement og møteplassar for ulike grupper. Det vil mellom anna bli arrangert ei større samling for kommunane, statlege organ og viktige organisasjonar i løpet av mars.

Fylkesrådmannen legg opp til slutthandsaming av planstrategien i desember 2016 etter ein høyringsperiode fram til september.

